



■ møtereferat – samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

42856/2011

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 30.6.2011	Fylkeshuset, møterom 103

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Anthony N. Valen		Morten Larsen	X
Gunnar Eikrem		Bjørn Eggen	
Anna Karin Lunden	X	Tone Nord	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Marianne S. Rudi	X		
Unni Tømmernes		Hege Myklebust Vartdal	X

Andre:

Gudmund Lode, juridisk sjef (sak 8/11)
Dag Lervik, personalsjef (sak 8/11)
Richard Muller, rådgivar (sak 10/11)
Venke Dale, Hjelp24
Tove Istad, NAV Arbeidslivssenter (sak 10/11)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	22.9.2011

Det var ingen merknader til møteinnkallinga. Møtereferat frå møtet 14.4.2011 vart utdelt i møtet.

Saksliste

Ref. 4/2010	Stillingsvakansar, rekrutteringssituasjonen per juni 2011 Det er lyst ledig 8 tannlegestillingar (3 vikariat), 7 tannpleiarstillingar (1 vikariat) og 2 tannhelsesekretærstillingar (1 vikariat). Ein reknar med at tilsettingsprosessen vil vere avslutta medio juli.
Ref. 5/2011	Organisasjonsutviklingsmidlar 2011 – styrking og profesjonalisering av rekrutteringsarbeidet i tannhelsetenesta Fylkestannlegen er tildelt organisasjonsutviklingsmidlar frå fylkesrådmannen for å auke trykket på det viktige rekrutteringsarbeidet. Det blir lyst ut internt ei prosjektleiarstilling med mål å vidareutvikle strategiar og tiltak for rekruttering og stabilisering.
Ref. 6/2011	Regional delplan tannhelse Fylkestannlegen startar no arbeidet med ein regional delplan som skal gjere greie for sentrale utviklingstrekk, utfordringar og strategiske vegval for den offentlege tannhelsetenesta i fylket. Arbeidet med eit innleiande planprogram vil ligge føre til september 2011, og skal gjere greie for innhald, deltaking og prosess. Den regional delplanen skal leggst fram for politisk vedtak i innan 1. halvår 2012. SAMU-T vil bli involvert i den vidare planprosessen.

8/2011	<p>Stimulering og rekruttering av spesialistar til den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal</p> <p>Juridisk sjef Gudmund Lode, som også er styreleiar i "Tannhelsetjenestens Kompetansesenter For Midt Norge IKS" og personalsjef Dag Lervik orienterte. Fylkesrådmannen førebur sak til fylkesutvalet om tiltak for å stimulere til utdanning og rekruttering av spesialistar til DOT i Møre og Romsdal. Arbeidet er forankra i fylkeskommunen sitt ansvar for å sørgje for at innbyggjarane har eit tilfredsstillande og tilgjengeleg tannhelsetilbod, inkl. spesialisttenester. Viktige premisser for arbeidet blir lagt gjennom fylkeskommunen si deltaking i Tannhelsetjenestens kompetansesenter for Midt-Norge, som skal drifte eit kompetansenettverk for å sikre auka tilgang på spesialistkompetanse og geografisk fordeling av fagpersonell i den offentlege og private tannhelsetenesta i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag. Arbeidet med ei tiltakspakke for stimulering/rekruttering er også forankra i St.melding nr. 35 (2006-07) og vil bli knytt til den føreståande prosessen med eigen regional delplan for tannhelsetenesta i fylkeskommunen (jf. ref.sak 6/2011).</p> <p>På kort sikt er det identifisert eit behov for spesialistar innan kjeveortopedi i Romsdal og på Nordmøre, og det blir m.a. sett på oppretting av kjeveortopedstilling organisatorisk knytt til Molde THD, med plassering på DTK St. Carolus. Det vart 21. juni halde orienteringsmøte med alle tilsette på klinikken, dels om bakteppet for arbeidet med rekruttering av spesialistkompetanse, og dels for å involvere dei tilsette i prosessen med å finne praktiske løysingar. Dei tilsette og overtannlegen i Molde THD har i etterkant av møtet gitt skriftleg innspel på kritiske suksessfaktorar og praktiske utfordringar i høve oppretting kjeveortopedisk praksis på klinikken. Innspela, som tar opp både organisatoriske og praktiske tilhøve, m.a. plassforhold og kapasitet i ekspedisjonstenesta, vart referert og drøfta i SAMU-T.</p> <p>Saka er no under utgreiing, og SAMU-T vil få til behandling ei endeleg og fullstendig saksutgreiing på septembermøtet. Saka vil deretter bli politisk behandla i fylkesutvalet innan utgangen av september 2011.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar statusorienteringa om arbeidet med stimulering og rekruttering av spesialistar til den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal til vitande.</p>
9/2011	<p>Sjukefråversutvikling i tannhelsesektoren, 1. kvartal 2011</p> <p>Morten Larsen orienterte. Det følgjer av HMS-systemet at sjukefråversdata for kvart kvartal skal leggast fram for arbeidsmiljøutvala/samarbeidsutvala. Tannhelsetenesta har ein markant auke i sjukefråveret frå 3. kvartal i 2010. 1. kvartal viser eit fråver på 11,9 %. Brote ned på stillingsnivå ser vi at den samla auken skuldast høgare langtidsfråver (over 40 dagar) blant tannpleiarane.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om sjukefråversutviklinga 1. kvartal 2011 til vitande.</p>

10/2011

Tannhelsesektorens samarbeidsavtale med NAV Arbeidslivssenter om eit meir inkluderande arbeidsliv

Tove Istad, NAV arbeidslivssenter og Morten Larsen orienterte. I SAMUT-sak 6/11, vart utvalet informert om den nye intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv 2010-2013 og rammeavtalen om IA som er inngått mellom fylkeskommunen og NAV. Rammeavtalen er ein overordna avtale på fylkesnivå som klargjer policy, overordna mål og føringar for IA-arbeidet.

IA-avtalen skal implementerast i tannhelsesektoren gjennom eigen samarbeidsavtale med NAV arbeidslivssenter, med påfølgande utarbeiding av delmål. Innan 12 veker etter signert lokal samarbeidsavtale skal det utarbeidast sektorspesifikke delmål tilpassa tannhelsesektoren, med forslag til handlingsplan og tiltak. Ei arbeidsgruppe får i mandat å utarbeide forslag til desse delmåla, som må m.a. skal spegle utfordringar avdekt gjennom arbeidsmiljøkartlegging (jf. SAMUT-sak 5/11) og sjukefråværsutviklinga. Forslag til mål, handlingsplan og tiltak skal leggast fram til behandling i SAMU-T i september 2011.

Samarbeidsavtalen for sektoren vart signert i SAMU-T-møtet av fylkestannlegen v/kontorsjef Morten Larsen, tillitsvald/verneombod Laila Aas Dyrøy og kontaktpersonen i NAV arbeidslivssenter Tove Istad.

Samrøystes vedtak:

SAMUT tek orienteringa om tannhelsesektorens samarbeidsavtale med NAV Arbeidslivssenter om eit meir inkluderande arbeidsliv ny IA-avtale til vitande. Det blir oppretta ei arbeidsgruppe som skal lage forslag til delmål, handlingsplan og tiltak med følgjande medlemmer:

- Fylkestannlegen v/kontorsjef Morten Larsen
- Tillitsvald/verneombod Laila Aas Dyrøy

4/2011	<p>Sjukefråversutvikling 2010 Morten orienterte. Sjukefråversdata relatert til parametra aldersintervall, fråversintervall, stillingsgrupper, kjønn og distrikt vart gjennomgått. Samla er det ein liten nedgang i fråveret frå 8,8 % i 2009 til 8,4 % i 2010.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om sjukefråversutviklinga 2010 til vitande.</p>
5/2011	<p>Implementering av bedriftshelseteneste og arbeidsmiljøkartlegging Venke Dale frå Hjelp 24 orienterte. Med bakgrunn i dei nye forskriftskrava om bedriftshelseteneste og i lys av fylkeskommunens nye arbeidsgivarpolitikk, er det sett av midlar til BHT til alle tilsette i fylkeskommunen og inngått avtale med Hjelp24 om levering av BHT-tenester. Hjelp24 skal bistå i det systematiske og målretta HMS-arbeidet på eit høgt og relevant fagleg nivå innan fleire kompetanseområde, m.a. psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø, arbeidshelse og ergonomiske utfordringar.</p> <p>I løpet av året skal det gjennomførast ei totalkartlegging av arbeidsmiljøet i alle fylkeskommunale driftseiningar. Denne kartlegginga vil identifisere kva aktivitetar og tiltak som skal inngå i handlingsplaner for arbeidsmiljøet i den enkelte driftseining. Kartlegginga dannar dermed grunnlaget for kjøp av bedriftshelsetenester.</p> <p>Denne SAMU-T-saka er eit ledd i gjennomføringa av informasjons- og oppstartsmøte med Hjelp24, som blir gjennomført i alle sektorar i fylkeskommunen. Føremålet er m.a. å avklare kva for faste arenaer og aktivitetar BHT skal delta i og korleis identifiserte arbeidsmiljøutfordringar skal følgjast opp.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tek orienteringa om BHT og arbeidsmiljøkartlegging til vitande og vedtar framdriftsplan for kartleggingsaktivitetane i tråd med pkt. 4 i saksframlegget.</p>
6/2011	<p>Ny IA-avtale – oppfølging i tannhelsesektoren Tove Istad frå NAV Arbeidslivssenter orienterte. Fylkeskommunen og NAV har signert ein rammeavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv for fylkeskommunen. Denne avtalen er ein overordna avtale på fylkesnivå, som klargjer policy, overordna mål og føringar for IA-arbeidet. Med bakgrunn i denne rammeavtalen skal det teiknast eigen lokal IA-samarbeidsavtale for tannhelsetenesta. Dette vil skje i samband med SAMU-T sitt møte i juni. Avtalen vil gjelde felles for alle tannhelse-distrikta og vil legge klare pliktar på arbeidsgivar og arbeidstakar i dette arbeidet. Innan 12 veker etter signert lokal samarbeidsavtale skal det utarbeidast lokale IA-mål og tiltak for tannhelsetenesta. Tove Istad gjekk gjennom kva rettar/plikter IA-verksemder har og kva oppfølging Arbeidslivssenteret kan gi.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tek orienteringa om ny IA-avtale til vitande og vedtar framdriftsplan for kartleggingsaktivitetane i tråd med pkt. 4 i saksframlegget.</p>
7/2011	<p>Fordeling av opplæringsmidlar (Saksdokument var utdelt i møtet.) I budsjettet for tannhelsetenesta for 2011 er det sett av kr 1.100.000 til opplæring/etterutdanning. I tråd med tidligare praksis blir fordelinga av opplæringsmidlane lagt fram for SAMUT til drøfting.</p> <p>Samrøystes vedtak: Opplæringsmidlane blir fordelt i samsvar med saksframlegget.</p>